

Årsmelding

og

Rekneskap

2001

VØR



STYRETS ÅRSMELDING 2001.

2001 er VØR sitt 14 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapets disposisjonar med 50% på kvar.

<u>Kommune</u>	<u>Hushaldningsabb</u>	<u>Nærings abb</u>	<u>Slamabb</u>
Ørsta	3972	629	945
Volda	3439	528	543
Sum	7411	1157	1488

Representantskapen avvikla 3 møter og styret 6 møter i 2001

Representantskapens medlemar er i 2001:

Knut Steinsvik leiar, Brynjulf Skurtveit nestleiar, Arild Iversen, Ingrun Aud Humberset, Oddrun Aarflot, Nils Trovåg, Inger J. Aakre, Ola Selbervik

Styremedlemar er i 2001:

Kari Aamaas styreleiar, Ove Lid n.leiar, Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Standal (fram til oktober) Frå november og ut året er Ove Myklebust dei tilsette sin representant i styret.

Ved årets utgang er det 15 tilsette ved VØR.

DRIFTA

Innsamlinga av avfall fungerer godt. 2001 er første heile året med dunkrenovasjon og vi må i ettertid seie oss svært godt nøgde. Vi var naturleg nok veldig spent på korleis det ville gå på vinteren med dunk og veikanthenting, men det fungerte bra.

For å få så jamn produksjon i innsamlingsapparatet som råd, har vi i eit par omgangar justert rutene slik at dei i dag ikkje er bemanna opp med meir enn to mann pr bil inklusiv sjåfør.

Drifta elles har gått bra. Vi brukte ekstra ressursar i haust for å rydde opp på uteområdet, noko vi har fått positive tilbakemeldingar på.

Det gamle lageret med dekk med felgar har minka mykje, vi har vidare fått kværna alt hageavfall og trevirke til jul, og vi har fått systematisert uteområdet betre, med faste plassar til frysarar og kjøleskap.

Elles har vi hatt ein nedgang i avfallsmengder i 2001 som skuldast betre utsortering av trevirke, lav byggeaktivitet i regionen og konkurranse om grovavfallet.

Investeringsmessig er 2001 eit kvileår, der investeringane har avgrensa seg til internutstyr, nye krockasser, containerar og ein ny comprimatorbil. Den gamle bilen frå 1990 er sett i reserve fire dagar pr veke og i bruk ein dag pr veke.

Avfallsmengder 2001 i tonn.

Type	2000	2001
Hushaldningsavfall	4226	4390
Restavfall til deponi/ lager	2614	1515
Papir / papp	1384	1077
Metall	248,1	194
Plast	71	49
Glas	93,7	110
Spesialavfall	46,8	41
E.E. avfall	31,3	100
SUM	8714	7477

Hushaldnings og forretningsavfallet.

Mengdene til forbrenning går opp i -01. Ei av årsakene er at sjukehuset no leverar ca 100 tonn autoklavert avfall til VØR mot tidligare direkte til Tafford Kraftvarme AS. Ei anna årsak er truleg generell vekst i folk sin kjøpekraft og dermed forbruk, som igjen aukar avfallsproduksjonen.

VØR arbeidar med alternative rimligare nedstraumløysingar og seier dermed opp avtalen med Tafford Kraftvarme AS 30.11.01, for å ville gå over til REKOM frå 2004.

Papp og papir.

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går uendra i 2001.

Frå næringane starta vi innsamlinga i eigen regi frå nyttår. I starten gir det små mengder, men etter kvart får vi bra mengder, som vi pressar og sender direkte til papirfabrikk.

Dei totale mengdene for året går noko ned i høve 2000 i VØR regi. Men medrekna det volumet som vi trur går i Norsk Gjennvinning sitt system så er volumet i regionen minst på fjorårs nivå.

Glas.

Glasmengdene i -01 er høgare enn i 00. Hovedårsaka er at Vinmonopolet avvikla sitt eige innsamlingselskap for glas frå mai 01.

Grovavfall - metall.

Grovavfall og metallmengdene er justert for periodisering, på nivå med 2000.

Plast

Plast frå hushaldning, næringslivet og landbruket blir no samla inn regelmessig. Spesielt har vi hatt ei positiv utvikling på landbruksplasten og plast frå fiskeoppdrettsanlegga. Fast henting er tatt svært positivt imot av brukarane. Frå landbruket samla vi inn ca 30 tonn som også synes vere potensialet for regionen. Frå industri og fiskeoppdrett om lag det same.

Plast frå hushaldningane går det tregare å samle inn. Der har vi eit stort potensiale, men for å få tak i det, må vi truleg legge om innsamlinga til å bruke 100 l sekkar slik som hos SSR og RIR. Dette vert å vurdere i 2002.

Spesialavfall.

Innsamla spesialavfallsmenger ligg på nivå med 2000. Batteriretur rekna elles med om lag 100% innsamling av batteri i 2001. Dette er også vårt inntrykk. Vi har ikkje fått melding om spesialavfall på avveie i 2001.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2000, og slik sett er 2001 eit kvileår før ordinær innsamling i 2002.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. innsamlinga fungerer betre og betre. Vi har merka betre opp containerane og pallebura i Miljøstasjonen, slik at abonnentane finn betre fram.

Innsamlinga overfor Fransefoss Gjennvinning går fortsatt noko tregt, grunna manglande reklamemateriell og til tider manglande oppsamlingsutstyr.

Innsamlinga av komfyrar, fjernsyn, mikrobølgeomnar og lignende gjennom returselskapa Elretur og Kvitevareretur går vesentleg betre. Av dette leverar vi jamnt containerar som går til trøndelag for gjennvinning.

For alle fraksjonane gjenstår likevel eit stort haldningsskapande arbeid overfor publikum før det er tilfredstillande. I for mange containerar frå dødsbu, rydding i høve flytting og lignende er det innblanda alt for mange slike artiklar, gjerne øydelagde. I knust tilstand er dei berre egna til deponi.

Personal og arbeidsmiljø.

VØR har i dag 4 faste administrative stillingar inklusiv stillinga i vektbua. Eine stillinga er vakant frå juni og ut året.

På sorteringshallen har vi 2,4 tilsette fast men har store delar av året køyrt med 3,5 tilsette på grunn av behovet for opprydding, utkøyning / bytting av dunkar og liknande.

På innsamlings sida har vi ved utgangen av året 8 tilsette fordelt på dei fire innsamlingslaga våre. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2001 godt. Her er eit godt arbeidsmiljø med godt samhald. Vi har hatt to personar på langtidssjukemelding og disse stillingane har vore dekt opp ved innleige av ekstramannskap.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått fleire vernerunder i 2001. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

INNFØRING AV DIFFERENSIERTE AVGIFTER.

Kommunestyra vedtek hausten 1999 at det skal innførast differensierte avgifter frå årsskiftet 2000 - 2001. Det viser det seg å vere ei svært utfordrande oppgåve og fall saman med leiarskifte i VØR. Tidsfristen frå kommunestyra er svært ambisiøs og fell også saman med dårleg økonomi i VØR, i tillegg til at VØR sitt datasystem ikkje taklar alle disse nye variantane av abonnement på ein effektiv måte.

I ettertid ser ein at ting burde vore førebudd betre i avfallsplanen, og brukt meir tid på gjennomføringa av.

Dermed kunne ein unngått uro ikring innføring av differensierte avgifter slik som på grunn av at det ikkje er sammanfallande tidspunkt på endra henting og betaling for dette, og ei avklaring av kva nivå differensieringa skal vere på.

I april 2001 blir rekningane sendt ut for første gang. I forkant må heile abonnementregisteret med 8000 abonnentar gjennomgåast manuelt. Dette er særskild arbeidskrevande og tar alle tilgjengelege administrative ressursar. Samtidig får vi sjukemeldingar i denne perioden som resulterer i at vi administrativt kjem på etterskot med dei fleste andre oppgåver. Først i juli er vi ajour.

Sjølve faktureringa som kommunene gjennomfører i april går godt. Litt støy er det på telefonen, men mindre enn venta. I oktober / november går det nokå stilt for seg.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava, med unntak av punktet om innegjerding av anlegget. Arbeid med montering av yttergjerde vert igangsett i november-01.

Fylkesmannen er elles på inspeksjon i august -01. Vi har ikkje mottatt avviksrapport etter besøket.

Avfallsplan

Avfallsplanen er vår rettesnor, og vi er godt i gang med å gjennomføre dei måla som er sette i planen. Dei store tiltaka dunk på restavfallet og differensiering av avgiftene er innført. Likeså utsortering av trevirke som kan gå til biobrensel. På slutten av året skriv vi kontrakt med ny mottakar av hushaldningsavfallet, som gir oss ei betre miljømessig handsaming av dette restavfallet. I 2002 er opprusting av uteområdet i Hovdebygda prioritert.

Endring av renovasjonsforskriftene.

Avfallsplanen medfører at renovasjonsforskriftene må reviderast. Styret sette derfor ned ei nemd som skal gå igjennom forskriftene med tanke på å få disse oppdaterte. Dette arbeidet har tatt ei lita pause i påvente av evaluering av eit driftsår med dunkrenovasjon. Dette arbeidet er prioritert i 2002.

Slam

VØR mellomlagrar også avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

NY ORGANISASJONSFORM – IKS.

Ny organisasjonsform

Kommunene vedtok i 2000 at organisasjonsforma til VØR skal vere IKS og i juni 2001 vert ny selskapsavtale vedteken. Selskapsavtalen legg opp til at VØR sjølve skal ta ansvaret for å fakturere abonnentane, noko styret vedtak å legge til administrasjonen i VØR.

Sjølve organisasjonsendringa viser seg å kreve meir enn det vi først trudde. M.a. må VØR som selskap registrerast på nytt og få nytt organisasjonsnummer.

Etterkvart håper vi at organisasjonsendringa skal gi oss ei meir sjølvstendig rolle med klarare ansvarlinjer slik som eigarane har ynskt.

Vedtaket om å fakturere sjølve krev nytt dataanlegg, ny kunnskap og fleire heilt nye rutiner. Investeringsbudsjettet –01 vert difor lagt om, og programvare installert. Ved årsskiftet –01/02 er ein i full gang med å førebu seg til fakturering i 2002.

ØKONOMI.

Årsresultatet syner eit overskot i storleik kr 11.054,- som er i samsvar med budsjett.


I resultatet ligg det også inne ikkje budsjetterte meiravskrivningar i høve budsjettet i storleik 500' knytt til komprimatorstasjonen som skal utskiftast i 2002. Dette blir gjort fordi styret er opptatt av at dei bokførte verdiane i selskapet til ei kvar tid er korrekt vurderte.

Styret har ikkje auka lånegjelda i 2001. Investeringane er finansiert ved omdisponering av likviditet.

Vi har elles eit godt driftsår bak oss med jamt over god samsvar mellom budsjett og kostnadsbruk.


Totalt sett er styret godt nøgde med året 2001, og vil takke dei tilsette for innsatsen og omstillingsevna som er vist.


Hovdebygda 14.02.02



Ann Britt Våge Fannemel


Ove Lid


Ove Myklebust


Petter Bjørdal
Dagleg leiar


Kari Aamaas
Styreleiar


Ivar Aarskog

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Balanse

	Note	2001	2000
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital		1 570 666	1 570 666
Udisponert vinning		11 054	0
Sum opptjent egenkapital		<u>1 581 720</u>	<u>1 570 666</u>
Sum egenkapital		<u>1 581 720</u>	<u>1 570 666</u>
Gjeld			
<i>Annen langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	<u>14 955 722</u>	<u>16 601 136</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjoner		0	702 026
Leverandørgjeld		2 859 650	1 270 147
Skyldige offentlige avgifter		525 217	553 695
Annen kortsiktig gjeld		844 288	659 383
Sum kortsiktig gjeld		<u>4 229 155</u>	<u>3 185 251</u>
Sum gjeld		<u>19 184 877</u>	<u>19 786 387</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u>20 766 597</u>	<u>21 357 053</u>


Hovdebygda, den 3. juni 2002


Ann Britt Våge Fannemel


Ove Lid


Ove Myklebust


Petter Bjørdal
driftsleiar


Kari Aamås
styreleiar


Ivar Aarskog

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2001

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: den lavaste av kostprisen og verkeleg verde for varer kjøpt inn for vidaresal, trygda pensjonsplikter er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til trygdelaget, leigeavtaler er ikkje balanseførde, varige driftsmidlar vert som hovedregel avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønnskostnader består av følgjande postar:	2001	2000
Løner:	4 298 683	4 715 368
Folketrygdavgift:	780 481	755 062
Pensjonskostnader:	642 855	352 927
Andre lønskostnader:	108 129	129 720
Sum lønskostnader:	5 830 148	5 953 077

Det har i 2001 gjennomsnittleg vore 15 tilsette i selskapet.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	424 936	78 186
Pensjonspremie:	13 105	
Anna godtgjersle:	21 316	

Netto pensjonskostnad i året kjem fram på følgjande vis:

Pensjonspremie i året:	642 855
Sum pensjonskostnad:	642 855

Revisor:

Kostnadsført honorar for revisjon i 2001 er kr. 7 350.

Note 3 Varige driftsmidlar:

Kostpris 01.01.2001:	27 426 965
Tilgang:	2 312 664
Avgang:	2 305 227
Kostpris 31.12.2001:	27 434 402
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2001:	8 509 328
Bokført verde 31.12.2001:	18 925 074
Ordinære avskrivningar i året:	1 789 690
Omfram avskrivning komprimatorstasjon:	505 105

Note 4 Bundne midlar.

Posten omfattar bundne bankinnskott på kr. 294 739.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantiar.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:

Gjeld til kredittinstitusjonar:	7 565 901
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra ved garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	14 955 722

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk for rekneskapsåret 2001 som viser eit årsoverskot på kr. 11.054,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsførar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk

Larsnes, 30. april 2002


Jostein Støylen
revisjonssjef

